



Fylkesmannen i Aust-Agder

Miljøvern avdelingen

Vår dato: 29.11.2010

Vår referanse: 2010/3633/INO

Saksbehandler, innvalgstelefon
Ildikó Nordensvan, 37 01 75 51

Arkiv nr.

Deres referanse

Inspeksjonsrapport

Inspeksjon ved Byglandsfjord reinseanlegg, Bygland kommune

Dato for inspeksjonen: 19.10.2010

Rapportnummer: 2010.032.I.FMAA

Saksnr. hos Fylkesmannen: 2010/3633

Kontaktpersoner ved kontrollen:

Frå verksemda: Trine Pettersen Grønbech Kjell Øyvind Berg Kjell Lande Trond Skjeggedal Ingar Lindsetmo Svein Langerak	Frå Fylkesmannen: Eva Boman Ildikó Nordensvan Frå Arbeidstilsynet: John Jacobsen
---	--

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten beskriv avvik og merknader som ble konstatert hos Byglandsfjord reinseanlegg under inspeksjonen 19. oktober 2010.

Fylkesmannen avdekte 4 avvik under inspeksjonen.

- Risikovurdering for avlaupsanlegga er ikkje tilfredsstillande
- Overlaup av ureinsa kloakkvatn blir ikkje talfesta.
- Avlaupsleidningar er ikkje heldt vedlike og fornya i tilstrekkeleg omfang.
- Kontroll med og/eller oppfylling av reinsekrav for utslepp til vatn er ikkje overheldt.

Vi ber Bygland kommune om ei skriftleg stadfesting **innan 15. januar 2011** på at avvika er retta. Oppfølging etter inspeksjonen er nærare omtala på side 3.

29.11.2010

Dato

Fylkesmannen i Aust-Agder

(etter fullmakt)

Ildikó Nordensvan

rådgjevar

Informasjon om verksemda

Organisasjonsnr (undereining):	Eigd av (org.nr): 964 966 397
Besøksadresse: Byglandsfjord	Telefon: 37 93 47 00
Bransjenr. (NACE-kode): 75.110	E-post: post@bygland.kommune.no

Kontrollert anlegg

Namn: Byglandsfjord reinseanlegg	Anleggsnr: 0938.0007.01
Kommune: Bygland	Anleggsaktivitet: Avlaupsnett og reinsing
Løyve sist oppdatert: 25.4.1996	Risikoklasse: 3

Bakgrunnen for inspeksjonen:

Denne inspeksjonen går inn i en nasjonal tilsynsaksjon retta mot avlaupsanlegg etter kapittel 14 i forureiningsforskrifta.

Følgjande hovudtema ble kontrollert:

- oppfølging av krav i forureiningsforskrifta kapittel 14
- drift av reinseanlegg og reinsekraft til anlegget
- drift og fornying av leidningsanlegg
- kontroll med overlaup
- klimatilpassing i avlaupsanlegg
- internkontroll (risikovurderingar og avviksbehandling)

Regelverk

- Lov om 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta).
- Forskrift 6. desember 1996 nr. 1127 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til avlaupsanlegga, gitt av Fylkesmannen etter forureiningslova

Informasjon om regelverk finn du på www.klif.no og www.regelhjelp.no

Definisjonar

Avvik: manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

Merknad: eit forhold som miljøvernmyndigheitene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Oppfølging etter kontrollen

Rapporten omhandlar avvik og merknader som vart avdekte under inspeksjonen og gir ikkje ei fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatus i verksemda.

- Inga tilbakemelding. Fylkesmannen avdekte ingen avvik eller merknader innan dei områda som vart kontrollerte. Oppfølginga etter inspeksjonen er avslutta med denne rapporten.
- Verksemda pliktar snarast å retta opp dei avvika som er omtala i denne rapporten. Me ber verksemda om ei skriftleg stadfesting med dokumentasjon **innan 15. januar 2011** på at avvika er retta.

Varsel om tvangsmulkt

Fylkesmannen varslar med dette at me vil fatte vedtak om tvangsmulkt på kr. 10.000,-, jf. forureiningslova § 73, dersom me ikkje har motteke ei stadfesting med dokumentasjon på at avvika er retta innan 15. januar 2011.

Tvangsmulkta vil kome til dersom Fylkesmannen ikkje har motteke ein stadfesting på at avvik er retta innan 4 veker etter at vedtaket om tvangsmulkt vart fatta.

Verksemda har høve til å kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan 2 veker etter at denne rapporten er motteken, jf § forvaltningslova § 16.

Om kontrollgebyr

Verksemda skal betale gebyr for kontrollen, jf. forskrift om begrensing av forurensning § 39-6, gebyr for kontroll i verksemdar med løyve. Dette inneber at verksemda skal betale: kr 11 200,- i gebyr for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura med innbetalingsblankett vert ettersendt frå Klima- og forureiningsdirektoratet.

Avvik

Det ble funnet følgjande avvik under kontrollen:

- Avvik: 1: Avviksbehandling for avlaupsanlegga er ikkje tilfredsstillande.**

Avvik frå: Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7. (Avdekke og rette opp avvik)

Grunnlag for avviket er krysset av nedanfor:

- 1A) Det er ikkje etablert et skriftleg avviksbehandlingssystem for ytre miljø og for avlaupsanlegga.
- 1B) Avviksbehandlingssystemet inkluderer ikkje alle delar av avlaupsanlegga
- 1C) Avviksprosedyren er ikkje benytta eller ikkje etterlevd i praksis
- 1D) Anna delavvik (spesifiser).

Kommentar: Ingen merknad.

- Avvik: 2: Risikovurdering for avlaupsanlegga er ikkje tilfredsstillande.**

Avvik frå: Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6. (Vurdere risiko)

Grunnlag for avviket er krysset av nedanfor:

- 2A) Det er ikkje utarbeidd ei skriftleg miljørisikovurdering for avlaupsanlegga.
- 2B) Risikovurderinga er mangelfull for nokre områder.
- 2C) Det er ikkje etablert rutinar for risikohandtering av tilhøve med uakseptabel høg risiko.
- 2D) Klimatilpassing er ikkje omtalt i og inngår ikkje i risikovurderinga.
- 2E) Anna delavvik

Kommentar:

Kommunen har ikkje utarbeidd ein skriftleg risikovurdering for ytre miljø ved avlaupsanlegget. Ein slik miljørisikovurdering må inkludere alle delar av avlaupsanlegget så vel som leidningsnett, pumpestasjonar, overlaup og reinseanlegg. Miljørisikovurderinga må òg innehalde aspekt i forhold til klimaendringar.

Vi er innforstått med at anlegget har starta opp nyleg, og at kommunen er i ferd med å utarbeide risikovurdering. Kommunen meiner at internkontroll-systemet skal vere på plass seinast 1. mars 2011.

Vi ber om at kommunen sender ein kopi av internkontroll-systemet med tilhørande risikovurdering seinast 1. mars 2011.

- Avvik: 3: Anleggseigar har ikkje gjort tilstrekkelege førebuingar for å tilpasse avlaupsanlegga til framtidige klimaendringar.**

**Avvik frå Forureiningsforskrifta § 14-10 Utforming og drift av reinseanlegg.
Forskrift om internkontroll § 5 punkt 7 Avdekke og rette opp avvik.**

Grunnlag for avviket er krysset av nedanfor:

- 3A) Kommunen har ikkje undersøkt korleis regionen vil bli påverka mht. framtidige klimaendringar.
- 3B) Det er ikkje gjort vurderingar eller berekningar av kva for konsekvensar og verknader er forventade framtidige nedbørsmengder vil ha på avløpsnettet.
- 3C) Det er ikkje gjennomført tiltak eller vedtatt planar for å hindre at overvatn kommer inn på avlaupsnettet.
- 3D) Det er ikkje gjennomført tiltak eller gjort vedtak om konkrete tiltak på nett for å handtere framtidige vassmengder
- 3E) Anna:

Kommentar: Ingen merknad.

Avvik: 4 Overlaup av ureinsa kloakkvatn blir ikkje talfesta.

Avvik frå Forureiningsforskrifta § 14-5 Avlaupsnett.

Grunnlag for avviket er krysset av nedanfor:

- 4A) Vesentlege overlaup manglar utstyr som anten registrerer vassmengde eller tidsvarigheit for overlaup av ureinsa avlaupsvatn.
- 4B) Forureiningsutslepp av ureinsa vatn via alle overlaup blir ikkje talfesta anten ved utsleppsmålingar, modellering eller anna berekning.
- 4C) Kommunen har ikkje oversikt over alle overlaup på leidningsnett.
- 4D) Anna

Kommentar

Kommunen har oversikt over alle overlaup på avlaupsanlegget, men det er ikkje installert utstyr for registrering av driftstid eller vassmengde for overlaup. Vi er innforstått med at kommunen har plan for å installere utstyr, og dette er lagt inn i budsjetta for 2011.

I medhald av § 14-5 skal den ansvarlege registrere eller berekne driftstid for utslepp frå overlaup. Vi ber om at kommunen følgjer krava i gjeldande regelverk i framtida.

Avvik 5: Avlaupsleidningar er ikkje heldt vedlike og fornya i tilstrekkeleg omfang.

**Avvik frå Forureiningsforskrifta § 14-5 Avløpsnett.
Forskrift om internkontroll § 5 punkt 4
Forskrift om internkontroll § 5 punkt 7**

Grunnlag for avviket er krysset av nedanfor:

- 5A) Dei viktigaste problemområda på nettet er ikkje identifisert i ein skriftleg dokumentasjon.
- 5B) Kommunen har ikkje satt eigne mål for funksjonskrav til avlaupsnettet.
- 5C) Det ligg ikkje føre ein saneringsplan for leidningsnett som er oppdatert etter 2005.
- 5D) Det er ikkje satt måltal for årleg fornyingstakt eller investeringsnivå for leidningsnettet.
- 5E) Vedteken fornyingstakt eller investeringsnivå i saneringsplanen er ikkje gjennomført som føreset.
- 5F) Det langsiktige saneringsbehovet for avlaupsnett er ikkje ivareteke med den fornyingstakta som kommunen praktiserer.
- 4D) Anna

Kommentar:

Viktigaste problemområda er identifiserte, men saneringsplanen/tiltaksplanen for leidningsnettet er frå 1992. Kommunen har planlagt å utarbeide ein ny plan neste år. Vi gjer oppmerksom på at kommunen må sette eigne mål med omsyn til funksjonskrav til avlaupsnettet.

Vi ber om at kommunen sender inn **ein tidsplan** for arbeidet med saneringsplan innan fristen.

- Avvik 6: Driftsforhold i reinseanlegg er ikkje tilfredsstillande dokumentert.**

Avvik frå Forureiningsforskrifta § 14-10.

Grunnlag for avviket er kryssset av nedanfor:

- 6A) Opplegg for opplæring av driftsoperatørar er ikkje utarbeidet/er ikkje gjennomført.
- 6B) De styrande driftsparameterane i reinseprosessane er ikkje skriftleg dokumentert.
- 6C) Overvåkings- og alarmsystem er utilstrekkelege til å sikre kontinuerleg god drift
- 6D) Vaktordning for reinseanlegget er utilstrekkeleg eller fungerer i praksis ikkje godt nok.
- 6E) Kalibrering/kontroll av viktig utstyr blir ikkje dokumentert.
(Kalibrering pH-elektrodar, utstyr for dosering av fellingskjemikaliar, syre/lut og polymer)
- 6F) Anna

Kommentar: Ingen merknad

- Avvik 7: Kommunen har ikkje rutinar for å vurdere grunnlaget for fastsetting av reinsekrav med omsyn på utløyning av nye krav til sine avlaupsanlegg.**

Avvik frå Forureiningsforskrifta § 11-3, § 14-1, § 14-6,7,8 og § 14-17.

Grunnlag for avvik er krysset av nedanfor:

- A) 7A) Kommunen har ikkje gjort en vurdering av om forbodet mot oppdeling av tett busetnad kan utløyse nye reinsekra for relevante områder.
- 7B) Kommunen har ikkje meldt frå til Fylkesmannen om at en konkret tett busetnad (etter forbodet trådde i kraft) har en p.e.-belastning som utløyser reinsekra etter kapittel 14.
- 7C) Aktuelle eksisterande anlegg med fosforrensing har ikkje vært vurdert med omsyn til kriterier for vesentleg endring som kan utløyse kra til sekundærrensing.
- 7D) Kommunen har ikkje meldt frå til Fylkesmannen om at et konkret avlaupsanlegg har en faktisk, dokumentert vesentleg endring og som utløyser kra til sekundærrensing.
- 7E) Anna

Kommentar: Ingen merknad.

Avvik 8 Kontroll med og/eller oppfylning av reinsekra for utslipp til vann er ikkje overhaldt.

Avvik frå Forureiningsforskrifta § 14-13, § 14-12, § 14-11, § 14-2.

- 8A) Behandling og samanstilling av primærdata (vatnmengder, analyseresultat) til utslippstall som er rapportert inn til KOSTRA er ikkje tilstrekkeleg kvalitetssikra.
- 8B) Overlaup ved reinseanlegget blir ikkje teke med i berekningen av reinsegrad og utslippsmengder frå avlaupsanlegga. (§14-11)
- 8C) Utsleppsdata blir ikkje løypande vurdert opp mot reinsekrava i utslippsløyve.
- 8D) Reinsekrava i utslippsløyvet vart overskridne i året 2009.
- 8E) Kommunen har ikkje teke tilstrekkeleg mange kontrollprøver i 2009

Kommentar:

Forureiningsforskrifta § 14-11 seier at det skal takast minst 6 prøver per år frå avlaupsanlegg under 1000 pe. Det blei teke bare 2 prøver ved anlegget i 2009. Sjølv om resultat av dei to prøvene er tilfredstillande i forhold til kra, kan vi ikkje bedømme at reinsegraden var tilstrekkeleg god i 2009.

Vi ber om at kommunen skjerper rutinane sine for prøvetaking i framtida.

Andre kommentar

Kommunen har eit utslippsløyve for Byglandsfjord reinseanlegg frå 1994, som vart revidert 25.4.1996. Det kjem fram i brev av 16.11.2009 at Bygland kommune bygger eit nytt reinseanlegg som vil vere ferdig årsskiftet 2009/2010. Fylkesmannen ba i sitt brev av 8.1.2010 om at kommunen sendte ein søknad om nytt utslippsløyve innan 30.04.2010. Vi kan ikkje sjå at kommunen har sendt inn ein slik søknad. Vi ber om at kommunen sørgjer for at søknad om nytt utslippsløyve for drift av det nye anlegget blir sendt til Fylkesmannen snarast.